



ARD AREALPLAN AS
7 etasje Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Dato: 20.12.2017
Vår ref.: 2017/16388-6
Saksbehandlar: eliwarr
Dykkar ref.:

Dalstø-Mjåtveitstø områderegulering, gnr 18 Meland kommune - oversending av kostnadsoverslag for arkeologisk registrering

Vi viser til brev datert 18.10.2017 med varsel om oppstart av områderegulering for Dalstø-Mjåtveitstø gnr. 18 i Meland kommune.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teken omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Området rundt Mjåtveitstø er vist som omsynssone for kulturmiljø (H570) i kommuneplanen. Dette må følges opp i områdeplanen og konsekvensen utbygging vil ha på kulturmiljø bør utgreiast og avbøtande tiltak drøftast.

Den 07.11.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i planområdet. Innafor planlagt utbyggingsområde et det fleire intakte og samanhengande steingardar, gamle vegfar og andre utmarksminne. Det er og tilrettelagt turstiar opp til Furefjellet og langs kysten.

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdelsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap.

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller arkeologisk funn frå planområdet, men det er gjort slike funn på gardane Frekhaug, Mjåtveit, Sagstad og Fosse. Delar av planområdet har potensial for nye funn, og vi finn det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte freda kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Området ved Mjåtveitstø som er vist som grøntareal og omsynssone i kommuneplan har det største potensial for nye funn og vil vera fokus for våre registreringane.

Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar i planområdet på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar.

Arbeidsomfanget er rekna til 12 dagar i felt for to arkeologar, samt førarbeid, etterarbeid og skriving av rapport. Registreringa vil verte utført ved maskinell flateavdekking, prøvestikking med spade og overflatesøk. Ved maskinell flateavdekking fjernar gravemaskin matjordlaget i søkesjakter på om lag 2-3 m breidde. Lengda og djupne vil variere etter undergrunnstilhøve, mikrotopografi og praktiske høve. All jordmasse vil verte ført tilbake. Prøvestikkja er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført.

Kostnadsoverslag er lagt ved. Vi ber om skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysingar om fakturaadresse, ressursnummer, organisasjonsnummer og signatur til den som er ansvarleg betalar. Når kostnadsoverslaget er godkjend, vil vi ta kontakt for å få arbeidet utført så raskt som mogeleg. Feltarbeidet kan ikkje gjennomførast om vinteren dersom bakken er frosen. Vi gjer merksam på at tiltakshavar berre vert fakturert for medgått tid.

Planen må reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at planen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Elizabeth Warren
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
FUREFJELLET AS
MELAND KOMMUNE

Vedlegg

1 Kostnadsoverslag for arkeologisk registrering